



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Fjord kommune - søknad bygging av Stavåna minikraftverk

Vi viser til Dykkar oversending (05.06.2023) av søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS om løyve til bygging av Stavåna minikraftverk.

Konklusjon

Statsforvaltaren er usikker på om den skisserte utbygginga, med oppgitt slukeevne og minstevassføring, tar nok omsyn til å sikre dei viktige naturtypene og det fuktkevande miljøet langs elva. Vi vil derfor rå i frå at det blir gitt konsesjon slik utbygginga no er skissert.

Bakgrunn

- Tafjord Kraftproduksjon AS søker om å bygge Stavåna minikraftverk i Stavåna, med eit inntak på kote 410 og kraftstasjon på kote 150.
- Maksimal slukeevne er på 500 l/s. Dette er ca. 39 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 1290 l/s. Minimum slukeevne er på 10 l/s.
- Det er føresett minstevassføring sommar på 170 l/s og 49 l/s om vinteren, lik 5 persentilen.
- Vassvegen blir om lag 1700 m nedgraven røyrgate.
- Det blir bygt ca. 120 m ny veg til kraftstasjonen. Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaket.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 6,8 GWh med installert effekt på 0,99 WW.

Vurdering

Vassdragsvern og eksisterande inngrep

Stordalsvassdraget er verna mot kraftutbygging gjennom Verneplan III for vassdrag (1986).

Bakgrunnen for vernet er m.a. omtalt i NOU 1983:14: «Vassdraget representerer store verneverdier for naturvitenskap og kulturvitenskap. Også for vilt- og fiskeinteressene er verdien stor bl.a. på grunn av et godt laksefiske. En eventuell utbygging kan få omfattende skadevirkninger for landbruket i området».



Vassdragsvernet skal i utgangspunktet sikre at viktige verneverdiar i vassdraget blir tatt vare på.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994) viser nasjonale mål for forvaltning av dei verna vassdraga og retningslinjer for vassdragsbeltet. Det er ikkje utarbeidd forvaltningsplan med differensierte retningslinjer for dette vassdraget.

Stortinget vedtok i 2005 at det i verna vassdrag kan gjevast løyve til bygging av mini- og mikrokraftverk, det vil seie kraftverk med effekt på mindre enn 1 MW . Det omsøkte tiltaket ligg innanfor denne grensa. Vassressurslova § 35 gjev likevel klare avgrensingar for kraftutbygging i dei verna vassdraga.

Eksisterande kunnskap

VVV-rapport 2001-47 (verdiar i verna vassdrag – NVE, DN og Fylkesmannen - 2001) inneheld ein omtale av Stordalselva innanfor tema prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne. Under kvart tema er særleg interessante lokalitetar omtalt og verdivurdert. Vidare ligg det registreringar i Naturbasen og i Artskart. Databasane viser registreringar av natur-, landskaps- og friluftsverdiar i utbyggingsområdet. I samband med kraftverksprosjektet vart biologisk mangfald kartlagt i 2010, med ei oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i 2021.

Biologisk mangfald

Kartlegginga av biologisk mangfald i 2010 vart gjort etter *NVE rettleiar 3/2007 (Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1 - 10 MW))* og *DN-håndbok 13 – 2007 (Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologiske mangfold)*. Den supplerande undersøkinga frå 2021 har nytta DN-handbok 13 som grunnlag for kartleggingsmetodikken. Konsekvensvurderinga av naturverdiane er gjort med utgangspunkt i Miljødirektoratet sin *rettleiar M-1941 (Konsekvensutredninger og klima og miljø frå 2020)*.

Det er gjort undersøking av mosar. Vidare er karplantar og lav undersøkt med fokus på raudlisteartar og potensiale for førekomstar av desse i influensområdet. Etter det vi kan sjå gir dette tilfredsstillande informasjon om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet (men likevel med noko usikkerheit for dei brattaste delane av vassdraget der det ikkje har vore mogleg kome til).

Kartlegginga har avgrensa ein *bekkekløftlokalitet* og ein *fosseenglokalitet* i området.

Bekkekløftlokaliteten er delt i to; Stavånes nedre som har fått viktig verdi (B) og Stavånes øvre med lokal verdi (C). Vi stiller spørsmål ved denne oppdelinga når lokaliteten tydeleg er samanhengande. Ein samanhengande lokalitet kunne gitt heile lokaliteten B-verdi pga. storleik.

Fosseenglokaliteten er også delt i to der Stavåna ved Hoggja har fått viktig verdi (B) og Stavåna sør for Liaslættet lokal verdi (C). Kartlegginga har ikkje påvist raudlista artar i influensområdet, med unntak av alm (Sårbar - VU).

I verdivurderinga er deltema naturtypar gitt middels verdi/forvaltningsverdi. Grunngevinga er at lokaliseringa ligg i ein region med lågt potensiale for sjeldne artar knytt til fossesprøytoner, og det er ikkje funne raudlisteartar. Det er vanskeleg for oss å vurdere om det er riktig å gi dei middels verdi. Vi kjenner til at låglands-bekkekløfter kombinerer element frå fleire ulike skogelement og kan derfor vere artsrike og verdfulle. Naturtypen fosseeng har få habitatsspesifikke raudlisteartar og kunnskapsnivået generelt om artar knytt til fosseeng og fosseberg er relativt svakt (Nina rapport



1357-2017). Samansettinga og tettleiken av biologisk mangfald er generelt høg i slike naturtypar samanlikna med andre norske naturtypar.

Etter Miljødirektoratets sin kartleggingsinstruks (Kartleggingsinstruks for naturtyper: 2021, M-1930) så skal naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13 som er sårbare naturtypar (VU) med verdi B og C få stor verdi eller høg forvaltningsprioritet. I rapporten til Biofokus blir verdien nedskalert: «Siden vi her befinner oss i en region med lavt potensial for sjeldne og trua arter knyttet til fossesprutsoner, velger vi å justere ned verdien med et hakk. Deltema naturtyper gis derfor middels verdi eller forvaltningsverdi». I lys av at dette er naturtypar Norge har eit internasjonalt ansvar for (sjå nedanfor) er vi ikkje samd i at verdien av lokalitetane blir nedskalert.

I rapporten til Biofokus står også følgjande: «Selv om det trolig finnes andre bekkekløftlokaliteter med høyere verdi også på sur berggrunn i regionen, framstår Stavåna som en velutviklet skogsbekkekløft med regional verdi.» Her vil vi vidare peike på at det er registrert fleire lokalitetar med raudsildre (Artskart-Artsdatabanken), som er nær trua (NT), i den nedre bekkekløfta. Dette er ein kalkkrevjande art som mellom anna veks på berg/svaberg. Arten vart registrert i 2005 (og i 2023), og funnet i 2005 burde vore nemnd i rapportane. Funnet kan vere ein indikasjon på at det ikkje berre er sur berggrunn i bekkekløfta.

Alle inngrep som endrar fuktigheits- og lystilhøva i naturtypen vil kunne vere eit trugsmål for mangfaldet. Fosseeng er vist som sårbar (VU) på raudlista for naturtypar.

Vi vil minne om at i OEDs *retningslinjer for små vannkraftverk* (2007) er det vist til at Norge har eit internasjonalt ansvar for naturtypane bekkekløft og fossesprøytsoner. I retningslinjene blir det vist til at *«tiltak som kommer i konflikt med arter som er «kritisk truet» eller «sterkt truet», eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeliggjøre nasjonal oppfyllelse av internasjonale avtaler kan ikke påregne å få konsesjon»*.

Årsaka til at naturtypen bekkekløft er sett på som viktig, jfr. DN-handbok 13 (2007), er at naturtypen har konstant høge fukttilhøve og stabile økologiske forhold. Samtidig har bekkekløfter store variasjonar i naturtilhøva som gjer grunnlag for eit høgt mangfald av artar og tidvis høgt innslag av artar på Rødlista. Den største trusselen mot bekkekløfter er i følge DN-handbok 13 inngrep som endrar fukt- og lystilhøva.

Sjølv om det ikkje er registrert raudlista artar, med unntak av alm og raudsildre, må ein sjå på området som heilheit. Dei registrerte naturtypane er avhengig av vassdraget og den fuktigheita som det gir for å ta vare på kvalitetane som finst der i dag. Vi er difor usikre på om minstevassføring, samt flaumoverløp og noko bidrag frå restfelt, vil vere tilstrekkeleg til å sikre naturtypane og det fuktkrevjande miljøet langs elva.

Det er lagt opp til at kraftverket skal ha ein slukeevne på 39 % av middelvassføringa. Det kan synest høgt. Tidlegare har vi fått opplyst at utbygging i verna vassdrag ikkje bør vere på meir enn 10-15 % av middelvassføringa.

Akvatisk miljø

Stavåna er sideelv til Stordalselva som er eit viktig laks- og sjøaurevassdrag. Anadrom strekning går til om lag 250 m ovanfor samløpet med Stavåna. Anadrom fisk kan gå eit lite stykke opp i Stavåna nedanfor fylkesvegen, men utbyggingsstrekninga er ikkje laks- og sjøaureførande. Her vil det likevel vere lokal bekkeare. Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av



elvemusling i Møre og Romsdal. Det er ikkje registrert elvemusling i dette vassdraget. Den rørte strekninga har heller ikkje eit habitat som er eigna for elvemusling. Vi kjenner ikkje til om det er gjort observasjonar av ål i elva.

Landskap og friluftsliv

Området er nytta som tuområde, særleg knytt til stølane nord for inntaket. «Stikk-ut» postar viser at det er aktiv bruk av stien inn til stølane. Vi vurderer derfor at utbyggingsområdet har regional verdi for friluftslivet. Røygata vil frå Gamlegarden i stor grad bli lagt på dagens sti fram til Botnastølen. Det går fram at grunneigarane har planlagt skogsveg i området og ønskjer ei samlokalisering med røyrtraséen. Arealbruksmessig kan dette vere positivt, men inngrepet i seg sjølv vil reduserer landskapsopplevinga. Elva er i liten grad synleg frå stien. Redusert vassføring på strekninga vil difor ikkje påvirke landskapsopplevinga direkte.

Vassforskrifta

I Vann-nett er vassdraget oppført som vassførekomst *Storvasselva – Stordalselva bekkefelt* (100-40-R) med god økologisk tilstand. Kraftutbygging vil kunne påvirke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga må NVE vurdere dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Samla verknader

Det er ikkje fleire kraftverk i Stordalselva (med sideelver), men oversikta i NVE-Atlas syner at regionen har mange vasskraftprosjekt. Summen av all vasskraftutbygging i Fjord og nærliggande kommunar tilseier at det er viktig å ta vare på vassdrag som ikkje er utbygt. Dette blir særleg aktualisert når også vassdraget i utgangspunktet er verna mot kraftutbygging. Vi ber om at dette blir nærare vurdert ved vidare behandling av saka.

Behandling etter andre lovverk

Vi kan ikkje sjå at ei utbygging vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova, men vi føreset at ei eventuell utbygging ikkje medfører drift av finmassar ned i hovudelva. Dersom det skulle oppstå uføresette hendingar som kan medføre vesentlege utslepp skal Statsforvaltaren informerast og tiltak setjast i verk.

Vi kan heller ikkje sjå at det er naudsynt med særskilt behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Oppsummering

Vi viser til kommentarane over. Vi har innvendingar til kunnskapsgrunnlaget (jf. naturmangfaldlova § 8), særleg verdisetting av og påfølgjande konsekvensgrad for sårbare naturtypar Norge har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. Vi er usikre på om den skisserte utbygginga, med oppgitt slukeevne og minstevassføring, tar nok omsyn til å sikre dei viktige naturtypene og det fuktkrevjande miljøet langs elva. Med vising til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk og føre var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 vil vi difor rå i frå at det blir gitt konsesjon slik utbygginga no er skissert.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Bjarne Otnes
fagleiar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

FJORD KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 144

Postboks 2500

6211

6404

VALLDAL

MOLDE